



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunenesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Ungdomskoordinator - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Det er ledig stilling som Ungdomskoordinator med teknisk ansvar for kulturbygget Meieriet Frekhaug i 100% stilling ved tenesteområde kultur frå 15.11.18. Vi søker deg som er fleksibel, kreativ, nytenkande og serviceinnstilt, med stort engasjement og hjarte for ungdom og ungdomsarbeid. Du er tydeleg på fagleg kompetanse, samarbeid med andre partar, prosjektarbeid og utvikling. Du likar at det skjer mykje, og er god på organisere eigne oppgåver og portefølje i ein travel arbeidskvardag.

### Arbeidsplass

Kulturtenesta i Meland driv bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, kulturbasert ungdomsarbeid gjennom UNG Meland, kulturfagleg rådgjeving og administrativ sakshandsaming. Meland kommune opnar kultur- og ungdomsbygget Meieriet Frekhaug i 2019. Kommunen har ei ung befolkning, med nærare 30% under 18 år. Her er det ei sterk frivillighet, og vi er rike på lag og organisasjoner.

Frå 1.1.2020 vert vi del av kulturtenesta i Alver kommune, og alle arbeidstakarar er garantert jobb i den nye kommunen. Alver kommune vil ha nærmere 30 000 innbyggjarar og eit svært rikt kultur- og organisasjonsliv, med spanande utviklingshøve og -behov.

### Arbeidsoppgåver

Sentrale oppgåver for stillinga vil vere

- Drifte og vidareutvikle ungdomsbasen UNG Meland
- Koordinerande funksjon mot klubbarbeidar
- Ansvar for kulturaktivitetar av, for og med ungdom.
- Vere møtesekretær og ressursperson for ungdomsråd
- Kontakt og samarbeid med organisasjonsliv og andre kommunale tenester
- Samarbeid med ungdomstilbod i andre kommunar
- Vere teknisk ansvarleg for kultur- og ungdomsbygget Meieriet Frekhaug
- Oppfølgingsansvar for brukarar av Meieriet Frekhaug, i samarbeid med kulturkonsulent

Kvelds- og helgearbeid må pårekna

### Kvalifikasjonskrav

Du er ein tydeleg voksenperson, som er unikt opptatt av ungdom og å vere ein miljøskapar. Du er omgjengeleg, kreativ, løysingsorientert, strukturert, raus og romsleg, samtidig som du kan setje grenser.

Du må ha utdanning på bachelornivå innan barne- og ungdomsrelaterte fag - gjerne i kombinasjon med kulturfag. Anna utdanning med relevant praksis kan vurderast. Du må vise til utdanning og/eller erfaring og praksis med scenetekniske forhold.

Du må ha høg samarbeids- og gjennomføringsevne, og vere god på kommunikasjon. Du trivst med å jobbe sjølvstendig, men er òg glad i å jobbe tett med andre i team. Du kjenner ungdomskulturen og har gjerne erfaring frå frivillig og/eller utøvande kultur-, ungdoms- eller idrettsarbeid.

Du er oppdatert innan IKT-feltet og sosiale medier, og kan orientere deg raskt i ny programvare og webportalløysingar. Du har kunnskap og erfaring med normal programvare, mellom anna Office. Det er ønskjeleg med kunnskap og erfaring med programvare som ProTools eller liknande, samt Adobeporteføljen.

Du har erfaring med prosjektarbeid, grunnleggjande økonomistyring i prosjekt, og tilskotsordningar. Det er ønskjeleg med kjennskap til kommunalt styringssystem og sakshandsaming.

Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring frå ungdomsarbeid, sceneteknisk arbeid og personleg eignetheit for stillinga. Administrasjonsspråket i Meland kommune, og framtidige Alver kommune, er nynorsk.

Det er krav om førarkort klasse B.

### Vi tilbyr

Ein utfordrande og spanande jobb, på vegen inn i nye Alver kommune  
Hyggelege, kompetente og engasjerte arbeidskollegaar  
Høve til å vere med å utvikle kulturtenesta i Meland kommune, og i Alver kommune.  
Sjølvstendige arbeidsoppgåver  
Løn etter gjeldande tariffavtale  
God pensjonsordning

### **Søknad skal sendast**

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### **Generell informasjon**

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

*Søknadsfrist* 16.09.2018

*Utljyst dato* 28.08.2018

*Vårref*

74/18

### **Kontaktperson**

Eirik Bouwer Utne, Kultursjef, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no